

R 478-3 NYTT BIBLIOTEKBYGG

1. INNLEIING

Etter oppdrag frå Bygge- og eiendomskontoret v/rådgiv.ing. A. R. Reinertsen har vi utført ei supplerande grunnundersøking i samband med planlegginga av nytt bibliotekbygg.

Det er tidligare utført ei rekke grunnboringar i området. Borerresultat og geotekniske vurderingar er refererte i rapportane O.1436 og O.1498 frå rådg.ing. Kummeneje og i rapportane R.478-1 og -2 frå Geoteknisk seksjon.

Formålet med denne undersøkinga har vori å kartlegge kor tjukt kulturlaget er ved det gamle rådhuset og kirkeruinen (Kongens gate 2).

2. MARK- OG LAB.ARBEID

Grunnboringane vart utført den 16. og 19. mars 1984. Plasseringa av borpunkta vart gjort i samråd med Utgravningskontoret hos Riksantikvaren v/arkeolog Ian Reed. Punkta er nivellerte inn med polygønpunkt 93 B, oppgitt høgde H = 9,79, som utgangspunkt.

Ein tok opp i alt 18 representative prøvar med skrueprøvetakar frå 2 punkt.

På situasjonskartet i bilag 1 er våre supplerandemålingar avmerka. For å gi ein oversikt over boregrunnlaget i området har ein i tillegg vist plasseringa av tidligare boringar.

Prøvane som vart tatt opp, er opna og klassifiserte i laboratoriet vårt på Valøya av arkeolog Ian Reed og laborant Frank O. Frantzen.

I tillegg til klassifisering er det målt vassinnhald av prøvane.

Resultata frå laboratoriet er framstilt i borprofilet, bilag 2.

3. BORERESULTAT

I bakgården til det gamle rådhuset (punkt 1) er det bora ned til kote 4,0. Det vart påvist kulturlag, i hovudsak sand med gruskorn og humus, ned til ca kote 4,5. Det var imidlertid ikkje mulig å ta opp prøve mellom kote 4,0 og 4,5. Ifølgje noteringar som boreformannen har gjort, er det overgang til fastare massar (sand/grus) ca på kote 4,3.

I veita mellom det gamle rådhuset og brannstasjonen (punkt 2) er det eit øvre, ca 1,5 m tjukt lag med fyllmasse over kulturlag ned til ca kote 5,3.

Fyllmasselaget er i hovudsak siltig sand med gruskorn og teglsteinsrestar.

Kulturlaget som her er ca 2,5 m tjukt, er for det meste sand og humus med trerestar.

Vidare er det påvist siltig leire ned til boredjupna, ca kote 4,8.


For meir detaljerte opplysningar om prøvane viser ein til borprofilet i bilag 2.

Vi står fortsatt til tjeneste i det vidare arbeidet med saka.

PLANKONTORET
Geoteknisk seksjon

Leif I. Finborud
Leif I. Finborud

Erling Romstad
Erling Romstad



NYTT BIBLIOTEKBYGG

SITUASJONSKART

- ⊙ PRØVETAKING
- DREIEBORING

R. 200, R. 215, R. 278 OG R. 478 Tidl. rap. GEOI. SEKSJON
 o. 1436 og 1498 Tidl. rap. KUMMENEJE

TRONDHEIM KOMMUNE
 GEOTEKNISK SEKSJON

MÅLESTOKK:

1 : 1000

TEGN. AV:

K.T.

DATO:

14.6.. 84

KONTR.:

RAPP. NR.:

478-3

BILAG:

1

